



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	20/60

Saksnr	Utval	Type	Dato
015/21	Ungdomsrådet	PS	01.11.2021

Val av leiar og nestleiar i ungdomsrådet Skuleåret 2021/2022

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Ungdomsrådet veljer sjølv leiar og nestleiar.

Det står i vedtektene for ungdomsrådet:

2.4. Konstituering

Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv, og vel leiar og nestleiar. Vala gjeld for eitt år.

Sist ungdomsråd ville gjerne at både faste medlemmar og varamedlemmar møter i alle møte. Då har faste medlemmar stemmerett i kvar sak, men ikkje varaene. Men alle kan vere med i diskusjonen og alle får møtegodtgjersle (300 kr pr. møte, vert betalt ut i juni og desember).

Innkalling med sakspapir kjem på e-post ei veke før møtet.

Sist ungdomsråd pleide også å sende ut ein snap på gruppa «Ungdomsråd på Fedje» om at folk måtte lese e-posten sin.

Forslag til vedtak:

..... vert vald til leiar og vert vald som nestleiar av Fedje ungdomsråd skuleåret 21/22.

Ungdomsrådet - 015/21

U - behandling:

Forslag til leiar: Sindre Waage. Samrøystes vedteke.

Forslag til nestleiar: Ragnhild Kahrs og Amalie Kleppe. Ragnhild Kahrs vart vald med 3 mot 2 røyster. Otto-Andre Nordby, Hanna Holgersen og Ragnhild Kahrs stemte for Ragnhild Kahrs.

U - vedtak:

Sindre Waage vert vald til leiar og Ragnhild Kahrs vert vald som nestleiar av Fedje ungdomsråd skuleåret 21/22.



Fedje kommune